



KI-notat nr.: 17/2011 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Akslandselva kraftverk AS/Akslandselva kraftverk	
Fylke/kommune:	Hordaland/Etne	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:
Saksbehandler:	Vegard Hotvedt Strømsvåg	Sign.:
Dato:	25 MAR 2011	
Vår ref.:	NVE 200707947-24	
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til bygging av Akslandselva kraftverk i Etne kommune, Hordaland fylke

Innhold

Sammendrag.....	1
NVEs konklusjon	2
Søknad	2
Høring og distriktsbehandling.....	4
Søkers kommentarer til høringsuttalelsene	13
Tilleggsuttalelse etter sluttbefaringen	15
Søkers kommentarer til tilleggsuttalelsen	15
Tilleggsutredninger	17
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	17
NVEs vurdering.....	23
NVEs konklusjon	29

Sammendrag

Akslandselva kraftverk AS søker etter vannressursloven § 8 om tillatelse til å bygge Akslandselva kraftverk i Etne kommune i Hordaland fylke. Det søkes om tillatelse etter energiloven for etablering av nødvendige høyspentanlegg.

Kraftverket vil utnytte et nedbørfelt på totalt 5,9 km², inkludert overføring av to sidebekker. Middelvannføringen er beregnet til 470 l/s, og omsøkt maksimal slukeevne er 820 l/s, som tilsvarer 174 % av middelvannføringen. Alminnelig lavvannføring er beregnet til 26 l/s. 5-persentilverdi for sommer- og vintervannføring er estimert til henholdsvis 36 l/s og 24 l/s. Det søkes om slipp av minstevannføring på 26 l/s hele året. Planlagt installert effekt er på 2,1 MW. Kraftverket vil utnytte et fall på 325 m, mellom inntak på kote 340 og kraftstasjon på kote 15 og vil gi en midlere årlig produksjon på ca. 7,5 GWh. Dersom en eller begge overføringene utelates fra prosjektet vil kraftverkets installerte effekt og årlige produksjon reduseres noe.

Etne kommune, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og Knut Erik Ebne mener at det kan gis konsesjon under visse forutsetninger. Haugesund turistforening påpeker at det er behov for å vurdere alle utbygginger i en helhetlig sammenheng. Statens vegvesen har kommentarer knyttet til sitt fagområde. Argumentene mot en utbygging er hovedsakelig knyttet til negative konsekvenser for biologisk mangfold, samt negative konsekvenser for landskap.

Etter NVEs syn må det av hensyn til landskaps- og naturverdier ved en ev. konsesjon sikres høyere restvannføring enn det som blir tilfellet ved søkers foreslåtte minstevannføringsslipp og omsøkte overføringer. De omsøkte overføringene vil redusere restvannføringen i elva betraktelig. Samtidig vil overføringen av Buhillersbekken medføre betydelige landskapsinngrep og inngrep i bekkekløfta ved at denne må krysses. NVE mener at fordelene med overføringen i form av ca. 1,4 GWh/år til en relativt høy kostnad er begrenset samtidig som den har store konsekvenser for landskap og naturmiljø.

NVE legger vekt på at tiltaket vil gi noe økt produksjon av fornybar energi og bidra til lokal næringsutvikling og verdiskaping. NVE vurderer samlet sett at en utbygging av Akslandselva kraftverk uten overføring av Buhillersbekken, og med nærmere fastsatte avbøtende tiltak, herunder slipp av minstevannføring, vil ha begrenset virkning for biologisk mangfold, landskap og øvrige allmenne interesser.

NVEs konklusjon

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at fordelene av det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir Akslandselva kraftverk AS tillatelse etter vannressursloven § 8 til bygging av Akslandselva kraftverk etter søknadens alternativ 2 uten overføring av Buhillersbekken. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Akslandselva kraftverk AS, datert 20.2.2010:

"...

Akslandselva kraftverk AS ønskjer å nytte delar av fallet i Akslandselva i Etne kommune, og søkjer med dette om løyve til følgjande utbygging:

1. Etter lov om vassdrag og grunnvatn, jf. § 8, om løyve til:

- *Å byggje Akslandselva kraftstasjon*

2. Etter energilova, om løyve til:

- *Bygging og drift av Akslandselva kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftilinjer som omtala i søknaden*

Naudsynte opplysningar om tiltaket kjem fram av vedlagde utredningar. Vi ber om ei snarleg handsaming av søknaden.

Det er inngått avtalar med alle grunneigarane med fallrettar om fall-leige og andre rettार med omsyn på ei realisering av prosjektet."

Hoveddataene for det planlagte kraftverket er som følger:

” ...

Akslandselva kraftverk, hoveddata			
TILSIG		Hovedalternativ	Alternativ 2
Nedbørfelt	km ²	5,91	4,77
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	14,9	12,1
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	80	80
Middelvannføring	l/s	470	380
Alminnelig lavvannføring	l/s	26	21
5-persentil sommer (1/5-30/9)	l/s	36	30
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	24	15
KRAFTVERK			
Inntak	moh.	340	340
Avløp	moh.	15	15
Lengde på berørt elvestrekning	m/km	1950	1475
Brutto fallhøyde	m	325	325
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,71	0,71
Slukeevne, maks	l/s	820	670
Slukeevne, min	l/s	47	38
Tilløpsrør, diameter	mm	700	600
Tunnel, tverrsnitt	m ²	-	-
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	2100	1470
Installert effekt, maks	MW	2,1	1,7
Brukstid	timer	3589	3589
MAGASIN			
Magasinvolum	mill. m ³	-	-
HRV	moh.	340	340
LRV	moh.	340	340
PRODUKSJON			
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	3,94	3,17
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	3,60	2,89
Produksjon, årlig middel	GWh	7,54	6,06
ØKONOMI			
Utbyggingskostnad	mill.kr	21,4	17,0
Utbyggingspris	kr/kWh	2,84	2,81

Akslandselva kraftverk, elektriske anlegg		
GENERATOR		
Ytelse	MVA	2,5
Spenning	kV	6,6
TRANSFORMATOR		
Ytelse	MVA	2,5
Omsetning	kV/kV	6,6/22
NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)		
Lengde	m	150
Nominell spenning	kV	22
Luftlinje el. jordkabel		Jordkabel

Høring og distriktsbehandling

NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Etne kommune har i kommunestyremøte den 22.6.2010 vedtatt følgende:

” ...

Etne kommune er positiv til planane for bygging av Akslandselva kraftverk AS. Dei negative verknadene frå tiltaket er avgrensa og vil reduserast ytterlegare gjennom avbøtande tiltak. Søkjar vil ta omsyn til verdfull naturbeitemark på Hjelmervik. Sidan sjeldsynte beitemarksopp også vil vere truga av redusert beitetrykk og gjengroing, vil prosjektet kunne ha positivt verknad, sidan det styrker grunnlaget for landbruksdrifta.

Verdiskapinga og nytteverdien frå prosjektet er stor og viktig for lokalsamfunnet og Etne kommune. Nyten er klart i overvekt i høve til ulempene med prosjektet, også når det gjeld hovudalternativet med overføring av bekk frå Buhillersvatnet.

Der er ingen mini- eller småkraftverk på Skånevikstranda i dag. Det relativt store potensialet i Akslandselva må såleis kunne nyttast.

Grunna nærleik til fylkesveg og busetnad er det ønskeleg med støydempende tiltak på kraftstasjonen.”

Vi referer vidare fra saksutredningen:

” ...

Verknader for miljø, naturressursar og samfunn er skildra s. 17-24. Fiskeinteressene i vassdraget er små. Der er ei gytetrekning for sjøaure på kring 180 m ned mot fjorden, men ein reknar ikkje med at tiltaket vil ha målbar negativ effekt på dette. Minstevassføring vil bidra til å avgrense ulempene; også for hekkande fossefall. Viltinteresse er også relativt små, der vil bli noko uro i anleggstida, men på sikt liten konflikt. I høve til landskapsbilete, så er vassdraget grunna skog og topografi relativt lite eksponert. Som for alle elvekraftverk, vil mykje av flaumvatnet i våte periodar renne forbi inntaka og i sitt naturlege leie. Ved fylkesvegen er vatnet kome tilbake i elva også etter utbygginga. Det er avgrensa kor langt oppover i skogen ein klarer å sjå herifrå, i alle høve når det har grodd til i røytraseen etter nokre år. På sikt vil vegetasjon også skjule mykje av øg vegen øvst i lia. Der er relativt lite friluftsliv i området, det meste er

knytt til fjorden og Taraldsøy. Eksisterande grustak, særskilt det på Akslandsida, pregar nærområdet i dag. Der går også ei kraftline forbi i lia.

Avbøtande tiltak er nemnt i kapt. 3.7 s. 21 og s. 23-24. Søkjer ønskjer å redusere ulempene på fleire måtar, t.d. gjennom god planlegging, minstevassføring, tilplanting i røytrase og steinsetting av inntaksdam. Vi kan ikkje sjå at der står noko om støydemping av sjølv kraftstasjonen. Sjølv om denne ligg 30 m unna fylkesvegen og der tidvis vil vere sus frå elva og skog, syner liknande prosjekt at der tidvis kan vere markant during frå slike anlegg. Rådmannen rår til at det ved vidare planlegging og ved søknad om byggjeløyve vert lagt inn støydempande tiltak i stasjonen. Bygget er planlagt til kring 100 m².

Komplett søknadsrapport ligg som uttrykt vedlegg, inkl. m.a. foto, avtale med SØK om nettilknytning, fagrapportar om hydrologi, biologisk mangfald og fisk.

Der er registrert to område med verdfull naturbeitemark nord for Akslandselva, sjå s. 19 og kart. Områda er vurdert som svært viktige, m.a. grunna funn av raudlista beitemarksopp. Moglegvis vil fylkesmannen si miljøvernavdeling kommentere dette i høyringa. I søknaden er konflikten omtalt som ubetydeleg. Der er allereie veg opp til det nedste området, så kraftplanane endrar på lite her (t.d. i høve til spreiding av kunstgjødsel, som er negativt for beitemarksopp). Veggen vidare går inn i kanten av det øvste området, men her er søkjar innstilt på å justere traseen. På Hjelmervik har ein seld mjølkekvoten og eigar driv no berre med storfekjøtt, med arbeid ved sidan av garden. Inntekter frå vasskraft vil kunne vere med å sikre busetnad og gardsdrift. Beitemarksopp er avhengig av beiting og opent landskap for å klare seg. Vi syner her til utrykte vedlegg frå rapport om naturtypar i Etne kommune frå 2009, der områda er skildra. Under skjøtsel er det sagt at det er ønskjeleg med beiting og tynning av tre og brake. Bette veg opp lia vil også avhjelpe dette og beitedrifta. I samband med fylkesdelplan for småkraft i 2008-09, sa også fylkesmannen si miljøvernavdeling at der finst ein del positive verknader av småkraft knytt til landbruksdrift og hindring av gjengroing.

Når det gjeld bekekløfta i Akslandselva, som er registrert som en viktig naturtype, så vil minstevassføring avhjelpe noko i forhold til biologisk mangfald. Like fullt vil bortføring av vatn alltid ha noko negative verknader for naturlege tilhøve, særskilt i periodar med lite og middels nedbør. Nemnte fylkesdelplan er m.a. laga for å sjå summen av verknader i større områder. Dersom mange sidevassdrag vert bygd ut i eit område, vil det i sum gi større verknader for natur og landskap. Sidan der er få kjente kraftplanar på Skånevikstranda, er området mindre utsett i høve til sumverknader enn t.d. Åkrafjorden. Mellom Etne og Skånevik finst i dag berre eit gamalt mikrokraftverk på Fjøsna, og det er gitt løyve til eitt på Holmaseid. Ebneelva vert vurdert i høve til søknad. Der bør i alle høve vere rom for nokre kraftprosjekt på Skånevikstranda. Akslandselva ser ut å ha det høgste potensialet, og konfliktane synast avgrensa. Nyten er stor i høve til verdiskaping for Etne kommune, selskapet, grunneigarane og lokalt næringsliv. Tiltaket er positivt for å sikre lokal busetnad og landbruksdrift. Veg til hovudinntaket vil lette landbruksdrift og hjortejakt. Vi har også døme på at småvegar opp liene gir auke i lokalt friluftsliv, t.d. ved kraftverket på Bjørgjo.

Når det gjeld inntekter til kommunen, så er eieendomsskatten viktigast. For Akslandselva kan den sjå ut å bli på over 100.000 kr pr. år. Der må nemnast at kommunen har motteke søknad frå eit anna lokalt kraftverk om fritak frå eieendomsskatt i startfasen. Dersom ein går inn på dette, må det truleg gjelde for alle lokale småkraftverk, noko som vil redusere nytteverdien for kommunen monaleg. I yttarste konsekvens kan vi risikere å miste løyve til nye prosjekt, sidan den offentlege nytta av prosjekta går ned medan ulempene er dei same. Det er sjølv sagt viktig at lokale selskap klarar seg, men i fleire prosjekt er også tunge aktørar utanfor kommunen inne. Nemnte søknad

må sjølvsagt handsamast i sin fulle bredde, men vi nemner det her, fordi vi også i denne saka nemner inntektene til kommunen som eit viktig argument FOR utbygging. ”

Fylkesmannen i Hordaland uttaler i brev av 18.6.2010:

” ...

Landskap

Landskapet rundt Akslandselva er skogkledd, og er gitt middels verdi som ”Fjordlandskap” jf. fagvurderingar i framlagt Fylkesdelplanen for små vasskraftverk 2009-2021. Øvre delar av planområdet er del av eit ”Sårbart Fjelllandskap” med noko til middels verdi. Noko verdi syner til at området er over tregrensa og større enn 25 daa. Middels verdi indikerar at området i tillegg er registrert som ”Regionalt friluftsområde” (med verdi C).

Utbygginga vil gje mindre vassføring i elva. Det største landskapsinngrepet kjem frå rørgater og vegar. Terrenget er på visse delar svært bratt. For å få fram veg og røyr må det sprengast hyller. Massane frå fjellgrøftene vert fylt over røyrtrasear og brukt i vegar. Overskotsmasse vert køyrt vekk, og eventuelle omfyllingsmassar vert køyrt til. Det er ikkje vedlagt lengde- og tverrprofilar eller vist på fotomontasje korleis veg og røyrtrasear vil påverke landskapet.

Vi har ikkje synfart planområdet. Det er sannsynlig at inngrepet vil bli godt synleg frå fjorden og særleg høgareliggande område. Søknaden gjev oss ikkje nok grunnlag til å vurdere landskapsinngrepet. Utbygginga med vegar og trasear sett i frå fjorden skulle vore vist på ein fotomontasje.

Inngrepsfrie naturområde i Norge (INON) og friluftsliv

Hovudalternativet er i konflikt med INON sone 2, og utbygginga vil redusere arealet med om lag 2 km². Området er i det heile relativt lite, men her er fleire nærliggande INON areal. Alle desse er del av eit større område som i Fylkesplanen for små kraftverk 2009-2021 er definert som ”Sårbart høg fjellsområde” med noko til middels verdi. Middels verdi indikerer at området også har verdi for friluftsliv. Sjølve planområdet har ingen særskilde brukarinteresser utover at det er mogleg å fiske her.

Biologisk mangfald

Det er registrert høge naturverdiar i planområdet, mellom anna fleire prioriterte naturtypar og sjeldne raudlista artar. Sistnemnde er soppartar knytt til to lokalitetar av naturtypen naturbeitemark. Begge lokalitetane er klassifisert som svært viktige (A-lokalitetar).

Planlagd vegtrase er i konflikt med biologiske verdiar, og NVE må sette krav om at traseen aust for Akslandselva vert lagt utanfor registrerte lokalitet med sopp. Når det gjeld den nedste lokaliteten Hjelmevik Sør så er det snakk om ei oppjustering av eksisterande veg. Eventuell utbetring må skje etter råd frå kartleggar av lokaliteten, og på ein skånsam måte som sikrar at inngrepa ikkje øydelegg lokaliteten. Naturbeitemark er ein naturtype som er avhengig av skjøtsel som beiting, men inga gjødsling. Det er viktig å kome fram til ei løysing som både grunneigar og naturbeitemarka er tent med.

Akslandselva har eit bekkeløftmiljø, og AMBIO Miljørådgivning konkluderar med at utbygginga vil ha middels negativ konsekvens for naturtypen. Redusert vassføring kan ha negative konsekvensar for fossefall, men dette kan bøtast på ved å henge opp ei enkel reirkasse i eller ved utløpet frå kraftverket. I tillegg kan ein justere opp minstevassføringa.

Fisk

Akslandselva har gode førekomstar av innlandsaure. Det er usikkert om aurebestanden er stasjonær eller om det er fisk som slepp seg frå høgareliggande delar av vassdraget. Elva er lite egna for anadrom laksefisk, men det går opp sjøaure ca. 180 m.

Minstevassføringa er planlagt lik 26 l/s. 17 l/s frå Akslandselva, 5 l/s frå Buhillersvatnet og 4 l/s frå Lauvvikvatnet. I tillegg kjem tilsig frå restfeltet nedstraums inntaket.

Søknaden legg opp til ei minstevassføring minst lik alminneleg lågvassføring. I tillegg må anlegget planleggast og byggast slik at ein unngår gassovermetning i avløpsvatnet samt at det må monterast omløpsventil.

Konklusjon

Planområdet har høge biologiske verdiar, som må ivaretakast. Eventuell framføring av veg må skje skånsamt, og med omsyn til registrerte verdiar. Sjølv kraftanlegget må planleggast og byggast slik at ein unngår gassovermetning i avløpsvatnet. Det må også installerast omløpsventil. Søknaden gjev ikkje eit godt grunnlag for å vurdere landskapsinngrepa då lengde- og tverrprofilar og/eller fotomontasje manglar.”

Hordaland fylkeskommune har i fylkesutvalget 25.8.2010 vedtatt følgende:

” ...

1. Fylkesutvalet i Hordaland rår til at det vert gjeve løyve til bygging av Aksland kraftverk i Etne under føresetnad av at det vert gjort tiltak for å unngå konflikt med raudlistearter og viktige naturtypar av stor verdi. Inngrep i landskapet må gjerast mest mogeleg skånsamt, og god visualisering av nær og fjernverknad av inngrepa må liggje føre før NVE fattar endeleg avgjerd i saka (jf. fylkespolitisk retningsline R11-6 i Fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009-2021).
2. I høve kulturminne vil fylkesutvalet peike på at utbyggjar må søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Tiltakshavar har og plikt til å vise aktsemd, og straks melde frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyte på automatisk freda kulturminne Kulturminnelova § 8, 2. ledd).

Vi refererer vidare fra saksutredningen:

”Fylkestinget vedtok 9.12.09 fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009-2021, og denne vert lagt til grunn for handsaminga av denne saka. Retningslinjer frå fylkesdelplanen:

Fylkespolitiske retningslinjer for små vasskraftverk	
Søknadshandsaming	
Dei fylkespolitiske retningslinjene er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova § 8-1 - §8-4 og skal gjerast gjeldande for planlegging og forvalting på kommunalt, fylkeskommunalt og regionalt statleg nivå i Hordaland. Tolkinga av konflikter og i kva grad eit tiltak er i tråd med omsyn i planen, ligg til fylkesutvalet.	
Overordna rammer	
R1	Hordaland er positiv til bygging av små vasskraftverk der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivareteke. Verdiskaping for samfunnet skal også vurderast.

R2	<i>I verna område er verneføresegnene styrande for kva inngrep som vert akseptert. I verna vassdrag kan konsesjon for kraftverk opp til 1MW og opprusting av eksisterande anlegg vurderast om tiltaket ikkje svekker verneverdiane i området.</i>
Rammer for utbygging	
R3	Fjordlandskap: <i>I urørte fjordlandskap skal ein vere svært restriktiv med kraftutbygging som reduserer det urørte preget i landskapet.</i> <i>I fjordlandskap av stor verdi skal ein vere restriktiv med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal legge vekt på at terrenginngrep, vegar, rørgater mm. ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.</i>
R4	Sårbart høgfjell: <i>I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vere restriktiv med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen. Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusere konfliktgraden.</i> <i>I andre område med sårbart høgfjell bør ein vise varsemd med løyve til ny kraftutbygging, spesielt i eksponerte område mot viktige reiselivsområde og verdifulle friluftsområde.</i>
R5	Biologisk mangfald: <i>Ein skal vise varsemd med å gje løyve til utbygging av små vasskraftverk som kan føre til skade på artar som er "kritisk truga (CR)", "sterkt truga (EN)" eller "sårbar (VU)" på den norske raudlista.</i> <i>For vatn med hekkande lom skal ein ikkje gje løyve til reguleringar som inneber endra vasstand eller endra svingingar i høve til dagens situasjon.</i> <i>For elver som fungerer som hekkeområde for vintererle eller fossefall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring. For vintererle er det også viktig å halde skogen langs elva intakt. For fossefall kan oppsetting av eigne reirkasser vere eit avbøtande tiltak der trygge reirplassar forsvinn.</i> <i>Etablering av rørgate og anleggsveg må ikkje føre til vesentleg inngrep i naturtypar av stor verdi.</i> <i>Ein bør som hovudsak unngå tiltak som skaper barrierar som fører til splitting av leveområde for villrein.</i>
R6	Fisk: <i>I nasjonale laksevassdrag skal ein ikkje gje løyve til bygging av kraftverk på lakseførande strekning, dersom det fører til negativ innverknad på bestanden. Ein må vise varsemd ved utbygging oppstrøms lakseførande strekning, og utbygging krev særskilte tryggleikstiltak for å redusere risiko for skade på laksestammen.</i> <i>I lakseførande elver bør ein ikkje gje løyve til bygging av kraftverk på lakseførande strekning, og ein må vise varsemd ved utbygging oppstrøms</i>

	<i>lakseførande strekning.</i> 3. <i>For elvestrekningar med sjøaure eller storaure skal ein ikkje gje løyve til vesentlege vasstandsreduksjonar. Der det er store fiskeinteresser skal ikkje tilhøva for fiske reduserast. For kraftverksutbygging oppstrøms aktuell elvestrekning for fisk skal det vurderast om automatisk forbisleppingsventil skal monterast. Løyve til utbygging i mindre viktige område for sjøaure og storaure føreset auka og differensiert minstevassføring, ekstra høg minstevassføring i gytevandringstida og sikre inntaksordningar for å unngå tap av fisk i turbin.</i> 4. <i>Gyteområde for innlandsfisk må ikkje reduserast i eit slikt omfang at det er til trugsel for bestanden eller gjev vesentleg negativ innverknad for fiske.</i>
R7	Friluftsliv 1. <i>Ein bør vise varsemd ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserar opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.</i>
R8	Kulturminne 1. <i>I område med direkte tilknytning til verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ein vise varsemd med løyve til ny vasskraftutbygging.</i>
R9	Reiseliv 1. <i>I område med stor verdi for reiselivet der tiltaket vil redusere opplevingskvalitetane skal ein vise varsemd med løyve til ny vasskraftutbygging. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for reiselivet.</i>
R10	<i>Alternativ bruk av eventuelle tunnelmassar skal vurderast framfor tippar i terrenget.</i>
Søknadsfase	
R11	<i>For små vasskraftverk i Hordaland gjeld følgjande krav for konsesjonssøknader samt søknader som har fått konsesjonsfritak og skal til kommunal handsaming ¹⁾:</i> 1. <i>Alle søknader skal som minstemål følgje mal frå NVE for småkraftverksøknader.</i> 2. <i>Oversiktskart som syner eksisterande kraftverk i området og område med særskilt vern skal vere del av søknaden.</i> 3. <i>Kart med innteikna kraftverk, inntaksdam, vassveg, tilkomstvegar, anleggsvegar, kraftliner, tipper og andre arealinngrep som er naudsynt for å gjennomføre utbygginga skal vere del av søknaden.</i> 4. <i>For tiltak som kan ha influens på område med særskilt vern må konsesjonssøknaden ha særleg grundig omtale av verneverdiar og verknader for desse.</i> 5. <i>I område der utbygging kan føre med seg skade på natur- og artstypar av stor verdi eller område med potensial for slike, skal dette kartleggjast.</i>

	6. Konesjonssøknad skal innehalde fotoillustrasjon som viser nærverknad og fjernverknad av inngrep med varierende vassføring. 7. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfyljing av undersøkingsplikta etter kulturminnelova. Eventuell felles synfaring og pålegg om arkeologiske undersøkinga må vere oppfylt innan fylkeskommunen skal ta stilling til saka. 8. Som del av søknadsprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast. ¹⁾ Punkt 4, 5 og 6 gjeld ikkje for søknader som har fått konsesjonsfritak.
--	--

I fylkesdelplanen er det gjort nærare omtale av 14 underområde for område med stort utbyggingspotensial. Området ved Akslandselva inngår ikkje i eit av desse, men ligg ikkje langt unna delområde Matre - Åkrafjorden.

R1: Retningslina syner grunnleggjande positiv haldning til ny småkraft.

R2 er ikkje relevant i saka då ein ikkje er i verna område.

R3: Utbyggingsområdet er dels i bratt terreng, og inneber fjerning av ein del skog i røyr- og vegtrase. Vedlagde fotoillustrasjon er noko knapt i høve til å vurdere landskapsinngrepa frå fjordsida (veg, røyrtrase og utsprengte fjellhyller). I fylkesdelplanen er området ikkje vurdert som urørt fjordlandskap eller fjordlandskap av stor verdi som retningsline R3 har særleg fokus på. Fjordlandskapet langs Skåneviksfjorden er vurdert til middels verdi.

R4: Prosjektet gjeld utbygging i høgdelag inntil kote 360 moh og der øvste delar av prosjektet ligg i område vurdert som sårbart høgfiell av noko verdi. Retningsline R4 har ei generell tilråding om å vise varsemd med kraftutbygging i sårbart høgfiell, men er elles særleg retta mot sårbart høgfiell av stor verdi og område eksponert mot viktige reiselivsområde og verdifulle friluftslivsområde.

R5. Området har to svært viktige naturbeitemarkområde der ein kan finne raudlista soppartar. Planlagd veg i samband med tiltaket er lagt gjennom desse. For den eine lokaliteten er det ein eksisterande veg som må utbetrast. Tiltaket kan vere i konflikt med dei interessene som er omtalt i retningsline R5 (raudliste og naturtype av stor verdi). Utbyggjar er budd på å gjere justeringar av vegtrase for å redusere konfliktnivået. Oppsetting av eigne reirkassar for fossefall og eit visst omfang av minstevassføring kan bøte på ulemper for fossefall som hekkar ved elva.

R6: Det går noko sjøaure i nedste del av elva, men gytetilhøve er for dårlege til at det er ein eigen stamme her. Sterkt redusert vassføring i elva vil gje negativ innverknad på levetilhøva for bekkeare på utbyggingsstrekninga. Elva er i mindre grad nytta til fiske, og det er noko uvisst om det er ei stadeigen stamme i elva, eller om fisken kjem frå høgareliggjande vatn. Ein vurderar at konflikt med fisk ikkje er vesentleg for om ein kan gje løyve til utbygginga eller ikkje.

R7: Utbyggingsområdet er ikkje innafor område som er verdivurdert i samband med regionalt viktige friluftsområde.

R8: Utbygginga er i følgje søknaden ikkje i direkte konflikt med dei kjende kulturminna i området. Området vart synfare 26.05.2010 av arkeolog frå fylkeskommunen. Ingen automatisk freda kulturminne vart påvist og potensial for å finne hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne er lite. For å ivareta nyare tids kulturminneinteresser knytt til utmarka, må

utbyggar ved opparbeiding av tiltaket søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Tiltakshavar har og plikt til å visa aktsemd, og til straks å melda frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyta på automatisk freda kulturminne (jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd)

R9: Området er ikkje mellom dei som i fylkesdelplanarbeidet er verdivurdert for reiseliv, men Åkrafjorden som er ei fortsetting av Skåneviksfjorden er omtalt å ha stor verdi for reiselivet.

R10: Retningslina er ikkje relevant i denne saka.

Når det gjeld R11 er det lagd ved ein del kart og fotomateriell, men søknaden er ikkje fullgod i høve til visualisering av nær og fjernverknad av inngrep som følgje av utbygginga, t.d. veg, røyrgate og utsprenging av fjellhulle. Dette gjer det noko vanskeleg å vurdere verknad på landskap (sårbart høgfjell og fjordlandskap).

Oppsummering

Dei potensielt største konfliktane ved utbygginga er lokalitetane med raudlisteartar og naturtypar av stor verdi og vegtrase. Ved justering av vegtrase og i tillegg merking av område med særskilt viktige naturtype som må vere urørt gjennom byggjefasen vil ein kunne redusere konfliktnivået. Fjernverknad på landskapsverdiar er vanskeleg å vurdere utan god visualisering av inngrep som veg og røyrtrase, noko som bør vere på plass før NVE skal fatte avgjerd i saka. Utbygging etter redusert alternativ (utan overføring Buhillersvatnet) vil gje noko mindre inngrep grunna mindre røyrføring gjennom urørt natur, men dette punktet har ikkje vore vesentleg i vurdering av om ein vil rå til utbygging eller ikkje. Under føresetnad av at inngrepa vert akseptable i høve landskap og at tiltak vert gjort for å unngå konflikt med område med raudlisteartar og viktige naturtypar meiner eg det bør vere rom for å gje løyve til utbygging for omsøkt alternativ.”

Statens vegvesen region vest uttaler i brev av 29.3.2010:

”...

Kraftverket vil liggje på austsida av fylkesveg 34. Byggegrensa langs fylkesvegen er min 15 meter frå midten av vegen. Fartsgrensa på staden er 80 km/t.

Sikt og stigningstilhøve i kryss og avkjørsler må vere i tråd med krava i handbok 017. Rammeplan for avkjørsler har mindre streng haldning til ny avkjørsel eller utvida bruk av avkjørsel her. Talet på direkte avkjørslar til vegane skal likevel avgrensast, noko som også gjeld driftsavkjørsle. Eksisterande avkjørslar bør difor nyttast for kraftanlegget. Det må søkjast Statens vegvesen om utvida avkjøringsløyve frå eksisterande avkjøringar. Eventuelt gravearbeid i vegen skal godkjennast av Statens vegvesen.

Statens vegvesen har elles ikkje merknader til at det vert gjeve løyve til bygging av kraftanlegget.”

Haugesund turistforening uttaler i brev av 19.5.2010:

”...

GENERELT.

Haugesund Turistforening (HT) har gjennom mange uttalelser til vannkraftutbyggingssaker i vårt virkeområde påpekt en mer planlagt utbygging av alle små elver og bekker. Fylkesdelplan for småkraft er utarbeidet for Hordaland. Naturvernkomiteen (NVK), som står for selve

uttaelsen har mange slike saker og må prioritere sine frivillige krefter til å behandle de viktigste sakene på en grundig måte. Denne saken er behandlet generelt.

LOVVERKET.

HT viser til de lover og regler som NVE skal følge i disse sakene. Naturmangfoldlovens § 1, formålet, er viktig for å ivareta i denne saken det landskapsmessige og biologiske mangfoldet. HT viser til alle potensielle sakene i dette fjordsystemet som kan og vil bli bygget ut. Det er i denne sammenheng at det i kap. II HT vil at NVE må se sammenhengen etter § 10, som omhandler samlet belastning for hele Åkrafjorden, fra innerst til ytterst. Denne understøttes av §6, 8 og 9 i samme kapitel.

Akslandselva er i så måte en brikke i hele fjordsystemet. Bit for bit utbyggingen i hele området mener HT vil bidra til at norsk elv- og bekkenatur er under sterkt press som naturtype i vårt virkeområde."

Knut Erik Ebne uttaler i brev datert 20.4.2010:

"...

Garden Aksland er med i Løvvik - Aksland fjellgruppe, med felles fjellsameige oppom fjellgjerdet på Sørsida av Akslandselva. Etter å ha lese søknaden om konsesjon med tilhørende kartvedlegg, meiner eg at deler av det omsøkte tiltaket er på felles grunn for Løvvik - Aksland. Dette gjeld inntak og deler av fall (rørtrase) frå Buhildersvatn bekken. Også heile området ved bekken som skal overførast og deler av inntaksbasseng ved Løvvikevatnet, samt deler av fallet i Akslandselva som er oppom fjellgjerdet (sørsida av elva).

For å avklare for utbyggjar og sameigepartar kvar dette fjellgjerde/grensa går eksakt, bør ein så snart råd er gå opp denne grense, slik at dette er avklara i god tid før utbygginga tek til. Ein bør bruke jordskifteretten for å avklare dette, om nødvendig.

Som aktiv brukar av fjellet og lia opp mot fjellet ser eg ingenting negativt med denne utbygginga, så lenge rettane vert avklara. Eg er av dei siste i området som driv med sau som beitar i dette fjellet, og denne utbygginga vil ikkje få negative konsekvensar for landbruket, så lenge demningar og inntak vert sikra for sau og andre dyr og menneske. Ein ser det som sjølvstøtt at Vassnivået i Løvvik vatnet ikkje vert regulert nemneverdig.

Veg og rørtrasee som er planlagt på Nordsida av Akslandselva vil etter mi meining ikkje få negative konsekvensar for miljø, natur eller folk. Det vert lite synleg, og inngrepa i naturen er så små, at når anleggsperioden er ferdig og anlegget er tilpussa og rydda, vil naturen snart gå tilbake til omlag slik det var før utbygginga. Vegen som vert bygd vil være svært positiv for grunneigar som kan nytte den til utak av skog, og beitene i områda vert meir brukarvennlege for garden. Kraftutbygginga vil ha positive verknader for dei bruk som er innbefatta og styrka økonomien slik ein kan sikre framtidig drift, noko som igjen er positivt for natur og kulturlandskap.

Regjeringa ønskjer levande bygder, og levande bygder treng og inntekter utanom tradisjonelt landbruk, så dette tiltaket må være i tråd med rådande politikk på området.

Som oppsummering vil eg sei at eg ser svært positivt på utbygginga, så lenge ein avklarar grensene mot fjellet, og det skal vi klara på ein god måte."

Søkers kommentarer til høringsuttalelsene

Søker har i brev av 18.8.2010 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

”...

Det har kome inn fråsegnar frå Fylkesmannen i Hordaland, Statens vegvesen, Etne kommune, Haugesund Turistforening og Knut Erik Ebne. Nedanfor summerer vi opp fråsegnene og kommenterer desse i høve til konsesjonssøknaden.

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen har fire punkt han peikar på:

- 1. Planområdet har høge biologiske verdiar, som må ivaretakast. Eventuell framføring av veg må skje skånsamt, og etter råd frå den som har kartlagt lokalitetane. Dette gjeld for den nedste lokaliteten i sær. For den øvste naturbeitemarka må traseen leggst utanfor lokalitetsområdet.*
- 2. For å ivareta omsynet til fisk, vert det bede om at kraftverket vert planlagt og bygt slik at ein unngår gassovermetning i avløpsvatnet.*
- 3. Anlegget må driftast med installert omløpsventil.*
- 4. Når det gjeld landskapet, manglar visualisert grunnlagsdokumentasjon for å kunne vurdere inngrepet. Terrenget er stadvis bratt, og både veg og røyrgatetrasear vil vere godt synlege. Det vert bede om å få ettersendt dokumentasjon på korleis vegar, sprengte hyller og røyrgatetrasear er planlagt i terrenget, og som syner dei mest eksponerte delane av anlegget sett frå fjorden.*

Akslandselva kraftverk AS sine kommentarar:

- 1. Vi er som utbyggjar også opptekne av å byggje anlegget mest mulig skånsamt. Når det gjeld den nedste lokaliteten, er traktorvegen allereie bygd gjennom området, men det kan vere trong for ei enkel opprusting av denne. For den øvste naturbeitemarka, har vi i søknaden sagt at vi i prosjekteringsfasen er innstilt på å justere vegtraseen slik at denne ikkje rører ved lokaliteten. Vi er elles innstilt på å ha ein dialog med dei som har kartlagt lokalitetane i prosjekteringsfasen.*
- 2. Vi vil leggje opp til følgjande sikringstiltak mot overmetting av gassar:*
 - Inntaka vil bli godt dykka*
 - Ved bruk av peltonturbin vil det skje ei utlufting av vatnet gjennom knusing mot skovlene*
 - Det vil bli vurdert å etablere eit lufterøyr frå turbinen og opp i stasjonen for å hindre overtrykk i avløpskanalen*

Med desse tiltaka er vi nokså trygge på at det problemet Fylkesmannen peikar på vil verte løyst. Vi vil i den samanheng nemne gode erfaringar med tilsvarende tiltak i Urke kraftverk i Møre og Romsdal.

- 3. Ein automatisk omløpsventil vil påføre kraftverket ein ekstra kostnad på om lag ein million kroner og såleis påverke lønsemda til kraftverket i negativ retning. Vi mener at utgiftene med ein slik ventil ikkje kan forsvarast, då konklusjonen i tilleggsutredninga om anadrom laksefisk er at akslandselva er lite eigna for fisk. Kraftstasjonen vert liggjande berre ca. 150 m frå sjø, og det er difor ei svært kort strekning som blir råka*

ved produksjonsstans. Ved slik stans vil det uansett vere minstevassføring i elva – pluss tilsiget frå restfeltet nedstraums inntaka – slik at denne på ingen måte vert heilt tørrlagt. Tilleggsutredninga peikar også på at det er fleire små kulpar på strekninga, noko som også bidreg til at fisk kan overleve produksjonstans.

- 4. Ei visualisering som det Fylkesmannen etterlyser er vanskeleg å få til – spesielt på dette stadium i planleggingsprosessen – og er då heller ikkje kravd i malen for konsesjonssøknader. Det som kan seiast om dette er at det spesielt i anleggsfasen, men også i dei første åra etter utbygging, vil vere lett å sjå anlegget frå fjorden. Dette gjeld i første rekkje røyrгатetraseen, men også traktorvegen. Etter kvart som vegetasjonen kjem attende, vil spora etter anlegget bli borte. Om nokre år vil det ikkje vere mogleg å sjå anlegget frå fjordsida.*

Statens vegvesen

Statens vegvesen peikar på fire punkt:

- 1. Sikt og stigningstilhøve i kryss og avkøyrslar må vere i tråd med handbok 017.*
- 2. Eksisterande avkøyrslar bør nyttast for kraftanlegget.*
- 3. Det må søkjast Statens vegvesen om utvida avkøyringsløyve frå eksisterande avkøyringar.*
- 4. Eventuelt gravearbeid i vegen skal godkjennast av Statens vegvesen.*

Akslandselva Kraftverk AS sine kommentarar:

- 1. Vi aksepterer dette.*
- 2. Traktorvegen opp til dam/inntak er ei forlenging av eksisterande traktorveg som alt har avkøyring frå fylkesvegen. Plasseringa av avkøyringa er ikkje optimal, og vi er innstilt på å flytte den slik at den vert tryggare. Dette vil sjølvstykke skje i samråd med Statens vegvesen. Avkøyringa til kraftstasjonen må skje via eiga avkøyring slik stasjonen er plassert.*
- 3. Vi aksepterer dette.*
- 4. Det er på noverande tidspunkt ingen ting som tydar på at vi har trong for å grave i fylkesvegen, men dersom dette likevel skulle bli nødvendig, er vi innforstått med at dette må omsøkjast.*

Etne kommune

Etne kommune er positiv til den omsøkte utbygginga av Akslandselva kraftverk, men peikar på at det grunna nærleik til fylkesveg og busetnad er ønskeleg med støydempende tiltak på kraftstasjonen.

Akslandselva kraftverk AS sine kommentarar:

Vi har merka oss ønsket frå kommunen og vil leggje vekt på å planleggje ein kraftstasjon som støyar minst mogleg.

Haugesund Turistforening

Haugesund Turistforening har gjeve ein nokså generell uttale der det vert lagt vekt på at bygging av småkraftanlegg bør skje på ein meir planlagt måte der samla belastning for heile Åkrafjorden (i dette tilfellet) leggjast til grunn.

Akslandselva kraftverk AS sine kommentarar:

Saka som Haugesund Turistforening tek opp, er eit spørsmål som må handterast av fylkeskommune, aktuelle kommunar og NVE.

Knut Erik Ebne

Knut Erik Ebne er positiv til søknaden, men meiner at deler av anlegget er plassert på felles grunn for Løvvik-Aksland fjellgruppe. Han held fram at dette spørsmålet bør avklarast før utbygginga eventuelt tek til.

Akslandselva kraftverk AS sine kommentarar:

Dei Grunneigarane som vi har inngått samarbeidsavtale med, meiner at dei er rettshavarar til både fallrettar og areal som er naudsynt for å byggje kraftverket. Når det no er sådd tvil om dette, er vi sjølsagt innstilt på å få avklart saka før ei eventuell utbygging tar til."

Tilleggsuttalelse etter sluttbefaringen

Fylkesmannen uttaler i e-post av 26.8.2010:

"...

Landskap:

Prosjektet skil seg ikkje negativt ut i høve til tilsvarende prosjekt. Aktuell strekning er berre unntaksvis synleg frå fjorden, og uttalen vår om manglande visualisering er eit uttrykk for det vi meiner er ein generell mangel ved søknadar om bygging av små kraftverk. Behov for visualisering og bruk av 3D-modellar aukar med eksponeringsgrad og landskapsverdi.

Biologisk mangfald:

Her er biologiske verdier, og planlagt inngrep i dei registrerte lokalitetane med naturbeitemark kan vere negativt for dei raudlista soppane som er registrerte her. Dersom prosjektet får konsesjon er det viktig at inngrepa skjer så skånsomt som råd er, og med omsyn til registrerte raudlisteartar. Dette gjeld både for utbyggingsfasen, men også driftsfasen. Vegtraseen bør leggst i samråd med biolog, som har kompetanse på beitemarkssopp.

Fisk:

Fylkesmannen har hatt ei prinsipiell haldning om at det skal monterast automatisk forbisleppingsventil i kraftverk som berører elvestrekningar med anadrom laksefisk. "

Søkers kommentarar til tilleggsuttalelsen

"...

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen har tre punkter han trekk fram:

- 1. Prosjektet skil seg ikkje negativt ut i høve til tilsvarende prosjekt. Aktuell strekning er berre unntaksvis synleg frå fjorden, og uttalen vår om manglande visualisering er eit uttrykk for det vi meiner er ein generell mangel ved søknadar om bygging av små kraftverk. Behov for visualisering og bruk av 3D-modellar aukar med eksponeringsgrad og landskapsverdi.*
- 2. Her er biologiske verdier, og planlagt inngrep i dei registrerte lokalitetane med naturbeitemark kan vere negativt for dei raudlista soppane som er registrerte her. Dersom*

prosjektet får konsesjon er det viktig at inngrepa skjer så skånsamt som råd er, og med omsyn til registrerte raudlisteartar. Dette gjeld både for utbyggingsfasen, men også driftsfasen. Vegtraseen bør leggest i samråd med biolog, som har kompetanse på beitemarkssopp.

- 3. Fylkesmannen har hatt ei prinsipiell haldning om at det skal monterast automatisk forbisleppingsventil i kraftverk som berører elvestrekningar med anadrom laksefisk.*

Akslandselva Kraftverk AS sine kommentarar:

- 1. Vi har ingen kommentarar til dette ut over dei vi gav i høve Fylkesmannen sin første uttale til søknaden.*
- 2. Også her syner vi til våre tidlegare kommentarar, men vil streke under at vi er innstilt på å leggje vegtraseen i samråd med biolog med kompetanse på beitemarkssopp.*
- 3. Vi har ingen kommentarar til dette ut over dei vi gav i høve Fylkesmannen sin første uttale til søknaden.*

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune sitt vedtak til fråsegn er som følgjer:

- 1. Fylkesutvalet i Hordaland rår til at det vert gjeve løyve til bygging av Aksland kraftverk i Etne under føresetnad av at det vert gjort tiltak for å unngå konflikt med raudlisteartar og viktige naturtypar av stor verdi. Inngrep i landskapet må gjerast mest mogeleg skånsamt, og god visualisering av nær og fjernverknad av inngrepa må liggje føre før NVE fattar endeleg avgjerd i saka.*
- 2. I høve kulturminne vil fylkesutvalet peike på at utbyggjar må søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Tiltakshaver har og plikt til å vise aktsemd, og straks melde frå til Hordaland fylkeskommune dersom ein i samband med tiltaket skulle støyte på automatisk freda kulturminne.*

Akslandselva kraftverk AS sine kommentarar:

- 1. Vi er glad for at fylkeskommunen rår til utbygginga og vil nok ein gong understreke at vi er opptatt av å byggje ut anlegget mest mogeleg skånsamt – både når det gjeld raudlisteartar, viktige naturtypar og landskapsinngrep. Vi syner i den samanheng til konsesjonssøknaden og våre kommentarar til Fylkesmannen sine to fråsegner. Når det gjeld kravet om visualisering av nær- fjernverknad av inngrep med varierende vassføring, har vi generelt sett forståing for det, men i dette tilfellet meiner vi at det ikkje er relevant då elva har grove seg sterkt ned i fjellet og i tillegg er dekkja av vegetasjon.*
- 2. Vi har merka oss oppfordringa om å søkje å unngå inngrep i eventuelle kulturlandskapstrekk. Desse vil bli registrert under detaljplanlegginga og så langt mogeleg søkt skåna eller reetablert. Dette vil bli nærare omtalt i detaljplanen for miljø som skal sendast NVE til godkjenning før eventuell byggjeart. Elles er vi kjend med regelverket i høve automatisk freda kulturminne.”*

Tilleggsutredninger

”...

Innleiing

Vi har pr. e-post datert 11. februar 2011 mottatt spørsmål frå NVE om å gjere greie for konsekvensane av å flytte hovudinntaket i Akslandselva ned i elvelaupet slik at bekken frå Lauvvikvatnet kan renne rett inn i magasinet. På denne måten kan ein eventuelt sleppe å byggje den overføringa frå bekken som vi har søkt om.

Vår vurdering av dette alternativet

Ved første augekast kan det verke som ein god idé å flytte hovudinntaket om lag 60 meter nedover i elva og på den måten unngå eige inntak i bekken frå Lauvvikvatnet og rørledning ned til Akslandselva. Det er to hovudproblem med eit slikt tiltak. For det første vil vi tape om lag 15 meter fallhøgde og dermed redusere den årlege middelproduksjonen med 0,36 GWh. Isolert sett ikkje så mykje, men for eit marginalt prosjekt kan dette likevel vere øydeleggjande. I tillegg kjem det forhold at staden der dammen må plasserast, er mindre eigna enn staden som vi har søkt om. Dette skuldast at terrenget på nordsida av elva er mykje flatare noko som gjer at det vert vanskelegare å få avslutta dammen mot terrenget. Dette vil igjen føre til at dammen vil få ei større kronelengd og dermed også vil verte meir synleg. Vi har grovt berekna dette alternativet til å vere 0,3 mill. kr dyrare enn det omsøkte alternativet.

I høve inntakskonstruksjonen vurderer vi dei to alternativa som ganske likeverdige.

Dei forholda vi beskriv ovanfor er ikkje så lett å få inntrykk av når ein granskar kartet over området og vi har heller ikkje bilete som dokumenterer dette på ein god måte. Men vi viser til synfaringa i august der denne saka vart nemnd og kor vi påpeikte desse forholda på staden.

Alternativt forslag

Dersom NVE finn at ei flytting av inntaket er føremålstenleg, ønskjer vi som ein kompensasjon å få auke slukeevna i turbinen frå 820 l/s (168 %) til 990 l/s (200 %). På den måten kan vi få kompensert tapet av fallhøgde samt auka utbyggingskostnader gjennom auka produksjon. Vi har berekna denne auken til 0,21 GWh samanlikna med konsesjonssøknaden.”

Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader

Om søker

Tiltakshaver er Akslandselva kraftverk AS som er et nystiftet selskap som vil stå for bygging og drift av kraftverket ved en konsesjon. Selskapet er eiet av Sunnhordland Kraftlag (54,4 %), grunneier Alf-Werner Hjelmervik (24,5 %) og Skånevik Ølen Kraftlag (21,1 %).

Om søknaden

Akslandselva kraftverk AS søker etter vannressursloven § 8 om tillatelse til å bygge Akslandselva kraftverk med tilhørende anlegg. Videre søkes det om tillatelse etter energiloven til å bygge og drifte Akslandselva kraftverk med tilhørende koblingsanlegg og kabler.

Søker ønsker å utnytte et fall på 325 m mellom inntak på kote 340 og utløp på kote 15. Det søkes også om å få overføre bekken fra Lauvvikvatnet (heretter kalt Lauvvikbekken) og bekken fra Buhillersvatnet (heretter kalt Buhillersbekken). Kraftverket er planlagt med en installert effekt på 2,1 MW og vil få en midlere årsproduksjon på ca. 7,5 GWh.

Søker har også fremmet en utbyggingsløsning hvor overføringen av Buhillersbekken er utelatt (alternativ 2). Ved dette alternativet vil kraftverket ha en installert effekt på 1,7 MW og gi en midlere årsproduksjon på ca. 6,1 GWh.

Utbyggingen av Akslandselva kraftverk krever konsesjon etter vannressursloven § 8. Konsesjon kan bare gis hvis fordelene med tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet, jf. § 25.

Beskrivelse av området

Akslandselva ligger i Etne kommune i Hordaland fylke. Akslandselva munner ut ved Aksland på sørsiden av Skånevikfjorden. Aksland ligger ca. 5 km fra bygda Skånevik.

Kraftverket vil utnytte et nedbørfelt på 5,9 km². Høydeforskjellen i feltet er fra 340 moh. til 670 moh. Feltet har effektiv sjøprosent på 0, snaufjellandel på 79 % og myrandel på 20 %.

Akslandselva har sitt opphav i de høyereliggende og treløse delene av Langlidalen. Øvre del av dalen er åpen, mens nedre deler er mer innsnevret. Bekkene fra Plomlivatnet/Lauvvikvatnet og Buhillersvatnet har samløp med Akslandselva nedstrøms planlagt inntak og søkes overført til kraftverket.

Tiltaksområdet er i stor grad skogdekt, utenom i de nedre arealene under 200 moh., som er delvis kultivert gjennom oppdyrking og gjødsling. De skogkledde områdene består i stor grad av bjørk, spesielt i de øvre deler. Edelløvskog dominerer langs elvas nedre del. Furu vokser spredt i de midtre delene av tiltaksområdet.

